

Personvernerklæring Straumen Nett

Sist oppdatert: 26.01.2026

Denne personvernerklæringa forklarer korleis Straumen Nett, som er eit nettselskap for distribusjon av elektrisk kraft (nettleige), samlar inn, brukar og vernar personopplysningar i samsvar med personvernforordninga (GDPR) og personopplysningslova.

1. Behandlingsansvarleg

Straumen Nett er behandlingsansvarleg for behandlinga av personopplysningar.

- Organisasjonsnummer: 925354813
- Adresse: Haugsetvegen 33, 6230 Sykkylven
- E-post: firmapost@straumen-nett.no
- Telefon: sentralbord: 92040222 vakttelefon: 70246350

2. Kva personopplysningar vi behandlar

Som nettselskap behandlar vi personopplysningar som er nødvendige for å levere og administrere nettleige og utføre lovpålagde oppgåver. Dette kan mellom anna omfatte:

- Namn og kontaktinformasjon (adresse, e-post, telefonnummer)
- Fødselsdato og/eller kundenummer
- Målepunkt-ID (målepunktidentifikasjon)
- Måledata og informasjon om straumforbruk
- Faktura- og betalingsinformasjon
- IP-adresse og tekniske data ved bruk av nettsida vår www.straumen-nett.no
- Informasjon motteken gjennom førespurnader og kundedialog

3. Føremål med behandlinga

Personopplysningar blir behandla for følgjande føremål:

- Etablering og administrasjon av kundeforhold for nettleige
- Måling, avrekning og fakturering av nettleige
- Drift, vedlikehald og utvikling av straumnettet
- Feilhandsaming, avbrotsinformasjon og beredskap
- Oppfylging av lovpålagde plikter etter energilovgivinga
- Kundeservice og kommunikasjon med kundar

- Analyse og forbedring av tenester og nettside
-

4. Rettsleg grunnlag (GDPR art. 6)

Vi behandlar opplysningane fordi det er nødvendig for å levere tenesta du brukar, og/eller basert på Straumen Nett si berettiga interesse i å drifte, sikre og forbedre tenesta.

Behandlinga av personopplysningar skjer på følgjande rettslege grunnlag:

- **Oppfylling av avtale** (art. 6 nr. 1 bokstav b), knytt til levering av nettleige
 - **Rettsleg plikt** (art. 6 nr. 1 bokstav c), mellom anna plikter etter energilova og tilhøyrande forskrifter
 - **Berettiga interesse** (art. 6 nr. 1 bokstav f), til dømes driftstryggleik, nettutvikling og forbedring av tenester
 - **Samtykke** (art. 6 nr. 1 bokstav a), der dette er påkravd
-

5. Lagringstid

Personopplysningar blir lagra så lenge det er nødvendig for føremåla dei blir behandla for, og i samsvar med lovpålagde krav til oppbevaring.

6. Deling av personopplysningar

Vi kan dele personopplysningar med:

- Elhub (Statnett SF) for handtering av måle- og marknadsprosessar
- Kraftleverandørar i samsvar med gjeldande regelverk
- Offentlege styresmakter når dette er lovpålagt
- IT- og systemleverandørar som opptrer som databehandlarar
- Vakt og beredskapssamarbeid

All deling skjer innanfor rammene av GDPR og gjennom databehandlaravtalar der dette er relevant.

7. Overføring til tredjeland

Personopplysningar blir i dag ikkje overført til land utanfor EU/EØS. Dersom slik overføring skjer, vil ho vere sikra gjennom godkjende overføringsmekanismar i samsvar med GDPR kapittel V.

8. Informasjonskapslar (cookies)

Nettsida vår nyttar informasjonskapslar for nødvendig funksjonalitet, statistikk og forbetring av brukaropplevinga. Du kan sjølv administrere eller deaktivere informasjonskapslar i nettlesaren din. På www.nettvett.no kan du lese om korleis du stiller inn nettlesaren for å godta/avvise informasjonskapslar, og få tips til sikrare bruk av internett.

9. Informasjonstryggleik

Vi nyttar eigna tekniske og organisatoriske tiltak for å sikre konfidensialitet, integritet og tilgjenge til personopplysningar, mellom anna tilgangsstyring og sikring av måle- og kundedata.

10. Dine rettar

Du har rett til å:

- Få innsyn i kva personopplysningar vi behandlar om deg
- Be om retting av uriktige opplysningar
- Be om sletting når vilkåra er oppfylte
- Be om avgrensing av behandlinga
- Protestere mot behandling basert på berettiga interesse
- Be om dataportabilitet der dette er relevant
- Trekkje tilbake samtykke der behandlinga er basert på samtykke

Førespurnader kan rettast til firmapost@straumen-nett.no

11. Klage

Dersom du meiner at behandlinga av personopplysningar er i strid med regelverket, kan du klage til Datatilsynet.

12. Endringar i personvernerklæringa

Vi kan oppdatere denne personvernerklæringa ved behov. Oppdatert versjon vil bli publisert på nettsidene våre.